



Vertshuset får truleg ein etasje nummer to, med 4-6 utleieleiligheter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nye eigar Røssland er i full gong med rehabiliteringa av Vertshuset og no kjem han eit skritt vidare med prosjektet: Rådmannen går inn for at forvaltningskomiteen i møtet onsdag i neste veke skal seia ja til eit takoppløft slik at det kan byggjast 4-6 utleigeleilighieter på toppen. Rådmannen meiner det vil vera i samsvar med gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan med tilhøyrande bestemmelsar.

Røssland har søkt om prinsippgodkjenning for å løfta taket. Leiligheitene vil styrkja driftsgrunnlaget for eigedommen. Ved å få leieinntekter for leiligheter i bygget vil dette vera med på å forsvare drifta av serveringsdelen, noko som er vanskeleg slik det er i dag.

I søknaden blir det bemerka at leiligheter framleis vil vera ein del av næringa. Difor er det ikkje tale om bruksendring, slik tidlegara eigarar har hatt ynskje om.

I den opprinnelege reguleringsplanen frå 1987 var tomta vist som industri men i 1989 vart formålet endra til service. Denne arealbruken vart stadfesta som næringsverksemd i kommunedelplanen i 2003. Det har vore søkt to gonger om bruksendring til bustad, seinast i 2004. Då gav forvaltningskomiteen ikkje løyve til dette. Vedtaket vart påklaga, men fylkesmannen stadfesta komiteen sitt vedtak.

Reguleringsføresegnene for området tillet bygningar i inntil to etasjar.

No er rådmannen positiv til tiltaket, som er i tråd med ønska utvikling i området. Han viser til at det no vert eit samanhengande område for turisme/reiseliv i Uskedalen - med to campingplassar, båthamner, restaurant/overnatting og butikk.

Av Ola Matti Mathisen